



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2008.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Årgang 44

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Johan Ole Brandal  
Visepres: Oddvar Haugen  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Åge Nytun  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Jostein Strand  
Referent: Ingar Bigset

---

## Fødselsdagar i november.

Oskar Grimstad	08. Nov.
Arne Lillebø	24. Nov.
Egil Utgård	26. Nov.
Grunnar Riise	28. Nov.
Arve R. Røyset	29. Nov.

Frammøteprosent i oktober: 74,3 %

---

---

## Fiskarkvinna av Jon Dale

Ho bar inn vatn og akta dyra  
klyvja øykjen med torv frå myta  
og kokte graut til ein ungeflokk.  
I skumringstimen fekk kroppen kvile-  
då vakna hug til å syngje, smile  
i skaparglede ved vev og rokk--

Men - brått- når Tungalda braut mot landa,  
treiv ho gryta i eie handa  
med kol og flintstein og knøsk i hi!  
Ho sprang for livet mot storm og kave  
og tende ljøs over dulde grave  
som fiskarfloten måtte styre fri--

Ho kneiser tidt som eit "mene tekkel"-  
eit vardøgnsvarsel som spår forlis,  
men oftast lyser ho gjennom sekel  
med gledesbodskap i søge-dis.  
På glatte skjeret ved lykestakjen  
ho svingar gryta i vippespakjen  
med glør mot nå-skuggen Nemesis.

Når ljøset fangar inn mastetoppen,  
då gløymest otte og sakna gråt.  
Ho kjenner glede sviv gjennom kroppen  
og helsar lukkeleg mann i båt--  
som bergar livet sitt enn ein gong  
ved hjelp av eldljos på vippestong  
Og kvinnehjarta med Gud attåt--

---

## Møte 3. november – slaget ved Hjørungavåg, ny fast speleplass

**President Johan Ole** ynskte vel møtt, og då spesielt til foredragshaldarane Georg og Oddbjørn Grimstad.

Songen for kvelden: ”Alt far min kunne gjera.”

Gratulasjonar til jubilarar og andre som fylte bursdagar i oktober og november.

Helsing frå solkysten og Einar Riise – Han er no påtroppande president for klubben der nede.

Månadsbrevet: Mykje interessant stoff. - Verdt å merke seg. Vigdis, Oddvar og Sverre er med i redaksjonen.

### Kveldens program:



Georg - og Oddbjørn presenterte planane om framtidig fast speleplass for sogespelet ”**Slaget ved Hjørungavåg**”.

I komiteen som klekte ut ideane set forutan Georg Grimstad - også Vigdis Riise og Steen Øvrelid.

Storstilte saker som det også kunne høyrast ut til å kunne bli ein realitet. Planar og regulering er alt godt i gang.

Georg fortalte so levande om speleplass, langhus og miljø at ein

mest kunne føle ein var blant klirrande sverd, hestar og sveittelukt.

Svært interessant, noko alle spørsmål og innspel vitna om.

## Møte 10. november – Årsmøte og gode historier

Etter songen ”Blant alle lande” kom presidenten med nokre opplysningar, bl.a. om Guvernørbesøket og Røyrafesten kommande måndag.

### Årsmøte:

Past president Åge Nytun las årsmeldinga for 2007/08  
Eit rikt år med mange store prosjekt og høgdepunkt.

Kasserar Johs.J Hareide tok for seg årsrekneskap og budsjett. Som hjelp til å føre rekneskapet hadde han fått litt ”dugnadshjelp” av Jon Olav Slettebakk.

Som avslutning las Egil Utgård opp revisors beretning. Han takka Johs. for god økonomisk styring vedr. rotarystien, noko som også går fram av årsrekneskapen.

Med dette vart årsmøte avslutta – med applaus.

Grunnen til at årsmøte gjekk glatt, kunne vere at vi no venta på at Trygve skulle bruke siste minutta til å fortelje historier. Dette vart ei triveleg ykt med mykje lått og løye. Mest lått fekk nok historia om kaninhoene som skulle parast...å det med innleving....

Som avslutning lufta presidenten enkelte detaljer verd. røyrafesten. Manglande råstoff var ei sak – vidare fekk Aud ordet for å organisere nok folk til matlaging, pynting og rydding. Alt vart diskutert og avklart. – så flott fest blir det sikkert.

## Møte 17. november

### Guvernørbesøk og Røyrafest på Holesanden

Då var kvelden komen. Det lukta allereie godt frå røyken som sveiv ut kjøkkenvinduet. Rotarianarar og anna finfolk sessa seg og festen kom i gang.



President Johan Ole opna med å ynskje alle, og då spesielt Distriktsguvernør Oddbjørn Øien m/sin frue Hilde og assisterande Guvernør Per Arne Gjerdsbakk m/sin frue Eli hjertelig velkomne.

Etter ei kort innleiing, refererte han om aktivitetane så langt i dette rotaryåret. Ein aktiv haust med alt frå mottak av 11 "Roundtrip"- ungdomar, vidare besøk av 5 personar gjennom "Grupy study Exchange" (GSE) . Det har vore distriktskonferanse i Ålesund og klubben har hatt to personar på "Ryla"-seminar. Inn mellom dette har vi også fått heim vår eigen utvekslingselev Ingrid Svendsen Holstad og vi har hatt fin og verdig opning av Rotarystien. Samtidig med denne opninga fekk Johs. J Hareide overrekt ein Paul Harris for sin innsats som

primus motor.

Presidenten takka av med å skryte av røyrfiskarane, fest og kameratskapskomiteen, kjøkken og pyntegjengen og elles alle som hadde hjelpt til for å få til denne festen.

I mangel av eit fråstole lydanlegg stilte vår eigen Jarle Kristiansen opp med dette.



**Distriktsguvernør Oddbjørn Øien** opna sitt innlegg med kvalitetsmessige trompettonar av songen "What a wonderful world". Slagordet for året "Make Dreams Real" vart presentert og med sin presentasjon og målsetning for rotaryåret fekk vi høyre mange gode forslag som kunne vere med på å skape ein betre rotarianar og ei betre verd. Medlemskap, vedlikehald og fornying var påminningar vi måtte fjølge opp.

Viktig at medlemmane i klubben får oppdrag å engasjere seg med. Alle medlemmene bør bli med i ein eller annan komité og så får dei sjølv velje kor mykje dei vil bidra.

Som avslutning takka han for invitasjon til denne fine festen og han ønskte oss og Johan Ole lykke til vidare i rotaryåret.

Som vanlig var det ingen ting å seie på det bognande matbordet. Enkelte trudde nok det vart litt lite røyr etter rykta om lite fiskeri, men siste veka heiv djerve menn seg på årene og berga festen - og vel så det.



I løpet av kvelden song forsamlinga tre allsongar – alle med tonefølge av Distriktsguvernøren. Under kaffien troppa songgruppa Gollj og Gråstein opp og framførte nokre flotte songnummer. Ein del av songarane takka ja til eit måltid røyramat etterpå.

Påtroppande assisterande distriktsguvernør Per Arne Gjerdsbakk fekk ordet der han takka for deltaking, god mat og der han gledde seg over oppgåva han no var tildelt.

Kjøkkenpersonalet vart tatt fram og gjort stas på og det vart fotografert og gratulert. Men sakte men sikkert var også denne festen over .

## **Møte 24 november - programfritt**

Presidenten opna møte med å takke alle som stod på for at Røyrafesten vart so vellykka som den vart. Han bringa også over helsing frå vår Guvernør Oddbjørn Øien.

Prosjektet i Sri Lanka er no fullført. 500 elevar fordelt på 4 skular og 20 lærarar har no fått 16 datamaskiner m/bord og stolar for å bete undervisninga. I tillegg 4 air conditionanlegg - Kjempebra!!

Nominasjonskomiteen for 2011 – 2012 har foreslått Henry Rotli til kandidat.

Kirsti Øvrelid informerte om utvekslingsstudenten Patrick ?? som kjem frå Australia  
Karin og Ingar Holstad blir dei første vertsforeldra etterfylgt av Anne Lise Holm og Magnar Hatløy.

Patrick som er ein trivelig kar på 18 år, skal gå Idrettslinja på Ulstein Vidaregåande. Men han treng fleire verts og avlastningsfamiliar så Kirsti ber medlemmane om å tilby hus og varme. Han treng også ski til vinteren og dette bør vi kunne greie å skaffe.